

STIFTELSEN MUSEUM VEST
Museumsvegen 9
5337 RONG

Dato: 01.11.2016
Vår ref.: 2016/1173-5
Saksbehandlar: elibjor
Dykkar ref.:

Underretning om vedtak. Museumsplanmidlar 2016. Museum Vest

Museumsplanmidlar 2016 for musea i Hordaland er no fordelt gjennom tilskotsordninga «Museumsløft 2016» i møte i Utval for Kultur, idrett og regional utvikling PS 133/2016, og direkte løyvingar gjennom vedtak i Fylkestinget sitt møte i mars, PS 11/2016.

Museum Vest er i sak PS 11/2016 tildelt 200 000 kr til konsolidering med Bjørn West for 2016.

Grunngjeving:

Fylkestinget følgjer opp PS 65/2015, og løyver 200 000 kr til konsolidering mellom Bjørn West-museet og Museum Vest av museumsplanmidlane.

For oversikt over tildeling sjå politisk vedtak:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=6565&caseType=Protokoll®istryEntryId=180188>.

Saksframlegg:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=6565&caseType=CasesFremlegg®istryEntryId=180188>.

Vilkår for tilskot- Oppfølging, rapportering og kontroll

- Tilskotet skal gå til oppgåver knytt til konsolidering med Bjørn West. Nærare grunngjeving for tilskotet er gitt i den politiske saken.
- Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap etter gjeldande regler for driftstilskot.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føreset. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale mv skal det gjerast tydeleg at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgevar. Dokumentasjon av dette skal leggst ved rapport.
- Om ein har opne, publikumsretta arrangement er det ein føresetnad at tilskottsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal då ha rett til gratis billett til sitt følge.

Utbetaling

Tilskotet vert utbetalt til dykkar bankkontonummer innan kort tid.

De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, hfk@hfk.no merka *Klage – saksnummer 2016/1173*. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.